

15.12.2022

Planprogram

Kommuneplanen sin arealdel for
Aurland kommune 2024-2034

Vedteke i kommunestyret 15.12.22, sak 070/22



Aurland kommune
-det naturlege valet

Innhald

Innleiing	2
Revidering av kommuneplanen.....	2
Arealdelen	2
Planprogrammet	2
Planprosessen.....	2
Framdriftsplan	3
Overordna føringar.....	4
Nasjonale føringar	4
Regionale føringar	5
Lokale føringar.....	5
Arealstrategiar frå samfunnsdelen.....	5
Pågåande prosessar.....	6
Hovudtema	6
1. Bustadutvikling	6
2. Næringsutvikling.....	7
Aktuelle tema ved neste rulling	8
Forankring og medverknad	8
Politisk organisering:	8
Administrativ organisering:	8
Opplegg for medverknad	8
Utgreiingsbehov	9
Vurdering og konsekvensutgreiing av innspel.....	10
Krav til innspel	11
Konsekvensutgreiing	11
Risiko – og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)	13

Innleiing

Revidering av kommuneplanen

Aurland kommune er i gang med revidering av kommuneplanen, som består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Dei siste åra har kommunen arbeida med samfunnsdelen, og skal no i gang med arealdelen. Gjeldande arealdel er frå 2009 og det er på høg tid med ei revidering.

Samfunnsdelen er eit overordna styringsdokument for utvikling og forvaltning av både kommunen som organisasjon og av kommunesamfunnet i sin heilskap. Kommunestyret vedtok ny samfunnsdel til kommuneplanen for Aurland kommune 03.11.22, sak 047/22. Samfunnsdelen inneheld målsettingar og strategiar som har betydning for arealbruken i kommunen, og som dermed vil ligge til grunn for utarbeiding av arealdelen.

Arealdelen

Arealdelen er eit overordna styringsdokument for all arealbruk i kommunen. Den skal følgje opp samfunnsdelen og vere styrande for alle planar og tiltak etter plan- og bygningslova i kommunen. Arealdelen skal omfatte eit plankart som syner heile kommunen, tilhøyrande føresegner og retningslinjer, og ei planskildring med konsekvensutgreiing. Den skal syne dei overordna utviklingstrekk, og skal ikkje vere meir omfattande enn nødvendig. Samstundes skal den gje konkrete rammar og føringar for kommande planar og handsaming av enkeltsaker.

Planprogrammet

For kommuneplanens arealdel skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram, etter reglane i plan- og bygningslova § 4-1. Planprogrammet skal avklare rammar, utfordringar og mål for planarbeidet, og skal sikre ein føreseieleg planprosess for alle involverte partar. Den skal syne fristar og framdriftsplan, opplegg for medverknad, og kva utgreiingar som må plass for det vidare planarbeidet.


Planprosessen

Utarbeiding av arealdelen kan delast inn i følgjande fasar:

- **Opstartsfasen**
 1. Varsling og kunngjering av planoppstart
 2. Høyring og offentleg ettersyn av framlegg til planprogram
 3. Innarbeide innspel i planprogram
 4. Vedtak om fastsetting av planprogram
- **Utgreiingar og planløysingar**
 1. Utarbeide kunnskapsgrunnlag
 2. Medverknad i kommunesamfunnet og samråd med overordna mynde
- **Utarbeiding av planframlegg**
 1. Plankart, føresegner og planskildring
 2. Konsekvensutgreiing
 3. ROS-analyse
- **Høyring og offentleg ettersyn av planframlegg**
- **Slutthandsaming**
 1. Endre planframlegget på grunnlag av merknadar og motsegn
 2. Eventuelt nytt offentleg ettersyn
 3. Vedtak av planen og kunngjering av vedtaket

Framdriftsplan

Framdrift arealdelen



Figur 1: Framdriftsplan for arbeidet med arealdelen

Planprogram

Tabell 1: Framdriftsplan for utarbeiding av planprogram

Aktivitet	Tid
Utarbeide planprogram og prosjektplan	Juli – september 22
Drøfting av forslag til planprogram i SLG	22.august 22
Politisk behandling planprogram og oppstart formannskapet	8.september 22
Politisk behandling planprogram og oppstart kommunestyret	22.september 22
Høyring og offentlig ettersyn planprogram og varsel om oppstart	29.september - 10.november 22
Møter med ressurspersonar/einingar (verneområdeforvaltar, verdsarvparken, teknisk, kultur, landbruk m.m.)	September – oktober 22
Regionalt planforum: samhandling og kunnskapsgrunnlag	6.desember 22
Politisk behandling vedtak planprogram formannskapet	8.desember 22
Politisk behandling vedtak planprogram kommunestyret	15.desember 22

Arealdel, planfase

Tabell 2: Framdriftsplan for utarbeiding av planforslag

Aktivitet	Tid
Innspel til planarbeidet	Januar – juni 23
Arbeide med kunnskapsgrunnlaget	Januar – august 23
Temamøte	Februar - mars 23
Prosessvedtak	Jamleg
Orientering i formannskapet, prosjektgruppe, SLG, Eldrerådet og rådet for menneske med funksjonsnedsetting, Ungdomsrådet, INKON ++	Jamleg
Grovsiling innspel	September 23
KU innspel	September – desember 23
Regionalt planforum	November 23
Politisk behandling planforslag formannskapet	Februar 24
Politisk behandling planforslag kommunestyret	Februar 24
Høyring og offentlig ettersyn	Februar – mars 24
Folkemøte	Februar 24
Behandle innspel	Mars – juni 24
Ferdigstille plandokument	Juni - august 24
Vedtak	September 24

Overordna føringar

I utarbeiding av arealdelen vil Aurland kommune legge til grunn følgjande overordna nasjonale og regionale føringar. Lista er ikkje uttømmende.

Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023

Regjeringa skal kvart fjerde år leggje fram nasjonale forventningar til kommunal planlegging, som skal følgjast vidare opp i planarbeidet til kommunen. For denne perioden legg regjeringa særleg vekt på fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har også bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, og at berekraftmåla bør vere grunnleggjande i samfunns- og arealplanlegginga.

Statlege planretningslinjer

- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)

- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021)

Regionale føringar

Regionale planar gir viktige føringar til kommunalt planarbeid. Nokre av dei viktigaste er:

- Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033
- Regional plan for folkehelse 2015-2025 (Sogn og Fjordane)
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 (Sogn og Fjordane)
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2018-2022 (Sogn og Fjordane)
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 (Sogn og Fjordane)
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Regional plan for Nordfjella 2014-2025
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion

Lokale føringar

- Sti- og løypeplan for Aurland kommune
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde
- Bustadpolitisk handlingsplan
- Hovudplan for veg 2022 – 2029
- Tilstandsrapport for Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden
- Norheimsdalen naturreservat – kartlegging av naturtypar i 2022
- Nærøyfjorden landskapsvernområde - kartlegging av naturtypar i 2022
- Kommuneplan for Aurland kommune 2022-2033 Samfunnsdelen
- Effektiv bruk av kommunal bygningsmasse innan helse
- Framtidig bruk av Vangen barnehage
- Framtidig bruk av Dalen barnehage

Arealstrategiar frå samfunnsdelen

Også dei overordna arealstrategiane som vart vedteke i samfunnsdelen vil verte førande for vidare utarbeiding av arealdelen:

1. Klima og miljø skal vere førande for ny arealbruk
2. Arealdelen skal ta utgangspunkt i arealrekneskap for naturtypar, landbruksjord og utbygd areal
3. Arealbruken skal bidra til god folkehelse
4. All arealbruk i Aurland kommune skal ta utgangspunkt i fortetting og transformasjon
5. Aurland kommune skal vere grobotn for sirkulær økonomi og framvekst av nye, grønne næringer
6. Sentrumsområda i Aurland kommune skal vere attraktive, opne og tilgjengelege
7. Det skal vere balanse mellom besøk, næring og innbyggjarane sine behov

Overordna mål klima og miljø

- Aurland kommune vil kutta dei direkte klimagassutsleppa med 55 % i 2030, med utgangspunkt i utsleppa i 2018, og vera eit lågutsleppssamfunn i 2050
- Mål om å vere eit klimarobust og sikkert samfunn i eit endra klima
- Mål om fossilfri, berekraftig og sikker energiforsyning. Energieffektiv produksjon og forbruk
- Mangfaldig og artsrik natur, naturvenlege kulturlandskap og sunt miljø

Pågåande prosessar

- Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv
- Regional sti- og løypeplan for Nordfjella
- Kjerneområde jordbruk og kulturlandskap
- Hovudplan for vann og avløp
- Parkeringsnorm for Aurland kommune
- Kommunedelplan for veg og trafikktrygging
- Kommunedelplan for kulturarv
- Områdeplan for Flåm
- GNIST
- Geodataplan
- Strategi for offentlege toalett
- Strategi for tilsyn av private avløpsanlegg
- Strategi for park og leikeanlegg

Hovudtema

Sidan gjeldande arealdel er frå 2009 er det mykje arbeid som må gjerast i samband med revisjon av planen. For å nå målet om å ha eit ferdig planforslag innan 2024, vil me ha fokus på to tema i arbeidet med planen; bustadutvikling og næringsutvikling. Det som ikkje høyrer heime under desse temaa må vente til neste rullering. Kommunen ønskjer å kome inn i eit løp der me rullerer kommuneplanen kvart fjerde år, det er derfor viktig at denne revisjonen vert ferdig innan rimeleg tid. I tillegg til desse to hovudtema vil utarbeiding av plandokumenta ta mykje tid då administrasjonen skal utarbeide det meste sjølv. Kommunen har planar om å utarbeide alt utanom plankart og ROS-analysen sjølv, og oppdatering av føresegna vil mellom anna vere ein så stor jobb at det ikkje bør opnast for meir enn to hovudtema. Ein viktig del av dette arbeidet er å gå igjennom den gjeldande arealdelen for å sjå kva som skal vidareførast og kva som skal takast ut. I denne prosessen må det vurderast kva som har fungert i den gjeldande planen og kor det er behov for endringar. Også arealrekneskap vil vere ei viktig utgreiing å få på plass som eit grunnlag for ny arealplan.

Gamle reguleringsplanar skal også gåast igjennom for å sjå om det er behov for å oppheve nokre planar. Målet er å rydde opp og fjerne planar som hovudsakleg er i strid med overordna plan, kan sjåast på som utdaterte eller uaktuelle etter gjeldande lover og forskrifter, eller som i nokre tilfelle er overlappa og/eller delvis erstatta av nyare planar. I tillegg til å oppheve planar som ikkje er gjennomførleg grunna naturfare, store investeringskostnader, sikker skuleveg, friluftsverdi, klimaendring og klimatilpassing m.m. For å oppheve ein reguleringsplan må kommunen varsle grunneigarar og eventuelt andre som planen gjeld. Det må også sjåast på kva dispensasjonar som er gjeve frå kommuneplanen sidan 2013 og bruke denne kunnskapen i revideringa.

1. Bustadutvikling

Kommunestyret vedtok Bustadpolitisk handlingsplan i 2020 og bustad var eit viktig tema i samfunnsdelen til kommuneplanen. Kommunen har få tilgjengelege bustadar til sals og leige, høge bustadprisar og avgrensa moglegheit for vidare utbygging. Det er derfor viktig at kommunen tek ein aktiv rolle i å sikre at det vert tilgjengelege bustadar for innbyggjarane i Aurland kommune.

Den bustadpolitiske handlingsplanen viser at det er behov for variasjon i bustadane i kommunen. Eldre ønskjer lettstelte leilegheiter i nærleiken av sentrum, mens unge helst vil ha einebustad. Det er eit klart overtal av einebustadar i kommunen, men dei høge bustadprisane gjer det vanskeleg for unge å kome inn på bustadmarknaden. Bustadplanen syner at mange bustadar i kommunen vert nytta som fritidsbustadar, og at det er rom for auka bruk av den eksisterande bustadmassen. I tillegg har næringslivet eit stort behov for bustadar, noko som ikkje er tatt høgde for i prognosane for folkevekst og behov for bustadbygging.

Grunna naturfare, verneområde og aktiv jordbruksdrift er det avgrensa moglegheit for vidare utbygging i kommunen. Fordi kommunen har lite utbyggingseigna areal, vil det i framtida også vere hensiktsmessig med ein meir arealeffektiv utbygging som sikrar fleire einingar på mindre areal, som til dømes rekkehus eller leilegheiter, heller enn einebustadar. I arealdelen er det derfor naudsynt å sjå nærmare på kva type bustadar me skal legge til rette for, og korleis me kan auka bruken av eksisterande bustadar. Fortetting og transformasjon vil også vere ein viktig strategi for vidare utbygging, og det er behov for å synleggjere potensielle fortettingsområde. I samband med dette er det behov for utgreiingar som kartlegging av moglege fortettingsareal i eksisterande bustadområde, analyse av strandsona, oversikt over kva landbruksareal som er mest verdifulle, og oversikt over kva område som er viktig for innbyggjarane i nærmiljøet deira.

2. Næringsutvikling

Kommunen mottar stadig nye initiativ for næringsutvikling, og det har dei siste åra kome både store og små prosjekter til vurdering. I fleire vedtak har kommunen bedt forslagsstillar om å vente med vidare prosjektutvikling, for avklaring i arealdelen. Dette gjeld både store prosjekt som utbygging av gondol, tilbygg på Fretheim Hotell og utviding av Brekke Gard, og mindre prosjekt som bygging av utleigemodular. Det har kome opp fleire problemstillingar gjennom desse prosjekta som er for store til å avklarast gjennom ei detaljregulering. Ei problemstilling er til dømes kva vidareutvikling me ønskjer i Flåm. Det er avgrensa moglegheit for vidare utvikling på A-feltet i Flåm, noko som kjem tydeleg fram i Områdeplanen for Flåm. Vidare utvikling kan dermed gjerast ved å bygge i høgda eller å opne for vidare utbygging oppover Flåmsdalen. Fretheim Hotell ønskjer å bygge i høgda og har fått stor merksemd i media for sine planar. Men eit slikt prosjekt kan føre til presedens i resten av kommunen og det er derfor viktig å sjå på moglegheita for bygging i høgda i heile kommunen først, og avklare kva som er grensa for dette knytt til mellom anna estetikk og landskap.

Brekke Gard ønskjer å legge til rette for eit overnattingskompleks med 180-280 einingar/rom, i tillegg til visningssenter, konsertlokale, butikk, bakeri, restaurant m.m. Jordvern har vore eit sentralt tema i dette prosjektet og det har i ettertid kome enno strengare føringar for jordvern. Men dersom kommunen skal kunne opne for vidare utvikling er det ikkje mange andre moglegheiter enn å bygge på landbruksjord. Det er derfor viktig å ha ein bevisst strategi for kor det kan tillatast utvikling, og for kva landbruksområde som bør skjermast. I tillegg til dette bør kommunen ha ein bevisst strategi for kvar kommunen kan opne opp for vidare reiselivsutvikling. Kva slags reiselivsutvikling ønskjer me i kommunen? Det er fleire mindre prosjekt som vil føre til auka turisme i allereie belasta område eller i bustadområde, og det er derfor viktig å sjå desse prosjekta i samanheng i staden for å drive med "frimerkeplanlegging".

Samstundes må kommunen også legge til rette for anna type næringsutvikling i arealdelen. Kommunen har eit ønske om at opparbeidd næringsareal skal stå klart. I tillegg har kommunen eit ønske om å leggje til rette for eit opent kontorfellesskap og gje moglegheit for at fleire kan bu i Aurland og arbeide andre plassar via heimekontor. Med ein strategisk tilnærming kan me få til dette gjennom å nytte eksisterande bygningsmasse. Kommunen er sjølv eigar av mykje variert

bygningssmasse, og det vil vere viktig å sjå på korleis denne eksisterande bygningssmassen kan utnyttast enno betre.

Dei fleste utgreiingane lista opp under temaet "Bustadutvikling" er også aktuelle for dette temaet, i tillegg til ei utgreiing knytt til verdsarv. Kommunen må arbeide meir med korleis kommunen best kan forvalte verdsarvstatusen gjennom kommuneplanen.

Aktuelle tema ved neste rullering

Tema som kan vere aktuelle å sjå på ved neste rullering er:

- Vidare utvikling av fritidsbustadar
- Tettstad- og grendeutvikling
- Ferdselsårer i kommunen

Forankring og medverknad

Politisk organisering:

Handsaming av arealdelen ligg til kommunestyret, med førebuande handsaming i formannskapet, som er kommuneplannemnd. Både formannskapet og kommunestyret vil verte orientert om arbeidet med arealdelen undervegs i prosessen. Politikarane er med på grendemøte, folkemøte og liknande. Det vil verte haldt arbeidsøkter i forbindelse med formannskapsmøte.

Administrativ organisering:

Utarbeiding av arealdelen ligg til eininga Forvaltning og utvikling (FORUT), og vert organisert som eit prosjekt. Prosjektansvarleg er rådmann Steinar Sjøgaard og prosjektleiar er kommuneplanleggar Anja Marken. Prosjektet rapporterer jamleg til Strategisk leiargruppe (SLG) og det vert sett ned administrative arbeidsgrupper knytt til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget og plandokumenta. Det skal også vere tett dialog med overordna myndigheiter. Det er utarbeida ein eigen prosjektplan for arbeidet med arealdelen, den tek for seg mål og rammer for prosjektet, oppfølging av prosjektet, målgrupper, interessentar og kommunikasjonsstrategi og plan for gjennomføring.

Opplegg for medverknad

Tabell 3: Opplegg for medverknad i planprosessen

Aktivitet	Deltakar	Tidspunkt	Mål
Prosessvedtak	Formannskapet	Ved behov	Gjere vedtak knytt til kunnskapsgrunnlaget undervegs i prosessen
Orientering	Formannskapet, kommunestyret, Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdområdet og INKON	Jamleg	God forankring av arbeidet med arealdelen - følgje planarbeidet frå start til slutt
Arbeidsmøte	Formannskapet	Ved behov i samband med formannskapsmøte	God forankring av arbeidet med arealdelen - følgje planarbeidet frå start til slutt

Møte med ressurspersonar	Verneområdeforvaltar, Nærøyfjorden Verdsarvpark, teknisk, kultur, landbruk	Ved behov	Få innspel til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget og utarbeiding av planforslaget
Regionalt planforum	Overordna myndigheiter	Etter høyring av planprogram og før høyring av planforslag	Tidleg involvering for å avklare plan og forventningar til planarbeidet
Dialog med overordna myndigheiter	Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren, Statens Vegvesen, NVE	Ved behov	Få innspel til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget og utarbeiding av planforslaget
Temamøte	Innbyggjarar i Nærøydalen, Undredal, Flåm, Aurland og Vassbygdi	Februar - mars 2023	Temamøte om landbruk, verdsarv, næring, fortetting
Workshop med barn og unge	Ungdomsrådet, Elevrådet og elevar frå Aurland barne- og ungdomsskule	Januar – februar 2023	Få innspel til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget og utarbeiding av planforslaget
Stand framføre butikken og open kontordag	Innbyggjarar i dei ulike grendene	Når ein opnar for innspel og når planen blir lagt ut på høyring	Informere om arbeidet med arealdelen og moglegheita for å gje innspel
Folkemøte	Innbyggjarane i kommunen	Ved høyring og offentleg ettersyn av planforslag	Informere om planforslaget og høyringa
Informasjon i sosiale media og lokalavis	Aurlendingen, Sogn Avis, Facebooksida og heimesida til kommunen	Jamleg	Informere om arbeidet med arealdelen

Utgreiingsbehov

For å sikre ein føreseieleg planprosess for arealdelen, skal planprogrammet så langt som mogleg avklare kva forhold som vil verte viktige å utgreie i utarbeiding av planforslaget. Utarbeiding av arealdelen inneber viktige avvegingar for framtidig arealbruk i kommunen, og vil gje rammer for kor det skal leggest til rette for ny eller vidare utbygging.

Tabell 4: Behov for utgreiingar (lista er ikkje uttømmende)

Utgreiing	Mål
Arealrekneskap	Oversikt over areala i kommunen knytt til naturtypar, landbruksjord og utbygd areal
Fortetting og transformasjon	Plan for fortetting knytt til VA, straumforsyning, avkøyrslø, byggehøgde, utnyttingsgrad, minihus, tilbygg og påbygg. Grense for kvar det kan opnast for fortetting gjennom t.d. sentrumssone. Universell utforming, nærleik til

	naturområde, friområde og offentlege og privatetenesteytingar m.m.
Kommunale vegar og parkering	Avkøyrsløse og kommunal vegnorm, parkeringsnorm (parkeringsstrategi vedteke i KS sept 21)
Funksjonell strandsone	Kartlegge dei konkrete strandsoneverdiene for å vurdere om det kan fastsetjast ei annan byggegrense enn 100-metersbeltet. Avklare arealbruken i strandsona knytt til detaljregulering for Kanikteigen. Småbåthamn
Barnetråkk	Avdekke korleis barn beveger seg i nærmiljøet sitt, kva stader dei setter pris på og kva stader dei ikkje liker
Kommunal jordvernstrategi	Bidra til meir langsiktig arealplanlegging ved å teikne eit overordna bilete av forholdet mellom utbygging og bevaring av landbruksområde
Næringsutvikling	Moglegheitsstudie for vidare næringsutvikling med samanfatting av regionale og lokale føringar, næringsareal i gjeldande kommuneplan, vidare reiselivsutvikling
Faresonekartlegging skred i bratt terreng: Utarbeide faresonekart i tråd med krava i Byggteknisk forskrift (TEK17) i bustadområda i kommunen	Innarbeide resultatane frå kartlegginga gjort av NGI i arealdelen som omsynssone og i føresegna
Mindre utgreiingar	
Omsynssone rundt drikkevannskjelder	Kartlegge kva drikkevannskjelder som må ha omsynssone (sikringsone, båndleggingssone)
Verdsarv	Innarbeide føresegn og omsynssone i arealdelen
Regulering av korttidsutleige	Nytte kommuneplanen som verktøy for å regulere korttidsutleige i bustadfelt
Deponiområde og lagringsplass (samarbeid med teknisk)	Vurdere nytt område for lagringsplass av masser og kommunalt lagerareal (Bane Nor, Statens Vegvesen m.fl.)
Sjøareal	Ferdsløse på og aktivitet på fjorden. Redusere hovudfarledåra, regulere ferdsløsen

Utgreiingar som kan vente til neste rullering:

- Fritidsbustadar: Vidareutvikle fritidsbustadområde i fjellet - Østerbø og Reinunga
- Kartlegging av kritiske punkt i bekker og bratte vassdrag: Vurdere kva område langs bekkar og bratte vassdrag som kan vere utsett for overfløyming og forslag til skadereduserande tiltak
- Sjøareal: Ferdsløse på og aktivitet på fjorden.

Vurdering og konsekvensutgreiing av innspel

Plan- og bygningslova (pbl.) stiller krav til utgreiingar i planar som legg opp til utbygging.

Kommuneplanar med rammer for framtidig utbygging skal konsekvensutgreiast, jf. pbl. § 4-2, og alle planar for utbygging skal omfatte ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf. pbl. § 4-3.

Krav til innspel

Etter vedtak av planprogrammet vil det bli opna for innspel til arealdelen. I denne prosessen kjem kommunen til å lage eit innspelsskjema med krav til dokumentasjon frå forslagsstillar. Denne dokumentasjonen er viktig for å kunne vurdere omfanget av forslaget og klargjere behov for utgreiing og ressursinnsats i det vidare planarbeidet. Eit slikt innspelsskjema vil gjere det meir føreseieleleg for forslagsstillar, og sikre tilstrekkeleg og lik informasjon om utbyggingsforslag for kommunen. Kommunen kan ikkje krevje utgreiingar av grunneigarar eller andre, men kan stille krav til dokumentasjon for forslaget.

Krav til dokumentasjon kan vere følgjande:

- Plassering, størrelse, avgrensing m.m.
- Type areal som det gjeld (skog, jordbruk, friområde) og forventa konflikt
- Adkomstløysingar, forventa trafikkmengd
- Plassering i forhold til skule, barnehage, kollektivtrafikk etc
- Vurdering opp mot arealstrategiane satt i samfunnsdelen
- Forhold til verneverdiar, verdsarvstatus, friluftslivsområde
- Påverknad på reiseliv, landbruk eller andre næringar i kommunen

I innspelsfasen er det ønskeleg med innspel som omhandlar tema bustad eller næring. Innspela vil bli vurdert opp mot dei vedtekne arealstrategiane i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Konsekvensutgreiing

I utarbeidinga av arealdelen vil det kome forslag til ny arealbruk og endra arealbruk, som i tråd med plan- og bygningslova skal konsekvensutgreiast. Det betyr at det skal gjerast ei særskilt skildring og vurdering av planens verknadar for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal utarbeidast etter forskrift om konsekvensutredningar og rettleiar for konsekvensutgreiingar til kommuneplanens arealdel T-1493, og skal avgrensast til dei temaa som er viktige for å ta stilling til dei aktuelle forslaga.

For arealdelen vil det vere behov for ei overordna vurdering av konsekvensar, basert på eksisterande kunnskap. Det skal gjerast konsekvensutgreiing av enkeltforslag og den samla verknaden av alle forslaga, inkludert alternativa som er med i planforslaget. Dette skal vere vurdert og skildra når planforslaget vert lagt ut på høyring.

Nye og vesentleg endra område avsett til utbyggingsføre mål, skal konsekvensutgreiast etter følgjande tema:

Tabell 5: Utgreiingstema

	Utgreiingstema	Kjelder
Miljø	Naturverdiar og biologisk mangfald	Artsdatabanken, INON, NIBIO, Naturbase, Økologisk grunnkart, Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion, Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, Regional plan for Nordfjella
	Nasjonalt og internasjonalt fastsatte miljømål	Nasjonale og regionale føringar
	Vassmiljø	Vannforskrifta, Regional vassforvaltningsplan

	Verna vassdrag	
	Friluftsliv og reiseliv	Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i Aurland kommune, Sti- og løypeplan for Aurland kommune, Masterplan for Visit Sognefjord, Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden
	Landbruk og jordvern	Kommunal jordvernstrategi, NIBIO
	Mineralressursar	NGU og Direktoratet for mineralforvaltning
	Landskap og estetikk	INON, flyfoto, landskapsanalyser
	Verdsarv og verneverdiar	OIVA-verdiar, Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden
	Kulturminne og kulturmiljø	Sefrak og Askeladden, Kulturminneplan for Aurland kommune
	Forureining og støy	Miljødata, Støysonekart, Hovudplan for vatn og avløp
	Nærmiljø og grønstruktur	Fylkesatlas, Strategi for park og idrettsanlegg
	Klimautslepp og klimatilpassing	Kommunedelplan for klima og energi, Klimatilpassing.no, Klimaprofil for Sogn og Fjordane, NVE sine rettleiarar
	Naturfare og verknadar som følgje av klimaendringar	Faresonekart, rapportar om skred, flaum og liknande.
	Myrområde	
	Strandsone	Funksjonell strandsone
Samfunn	Folkehelse	Folkehelseoversikt for Aurland kommune
	Universell utforming	Kartlegging av tilgjengelegheit og universell utforming
	Bustadmarknad og sosial bustadbygging	Bustadpolitisk handlingsplan
	Trafikktryggleik og transportbehov/kollektivtransport	Hovudplan for veg, Kommunedelplan for veg og trafikktrygging
	Vatn og kloakk	Hovudplan for vatn og avløp, Strategi for tilsyn av private avløpsanlegg
	Infrastruktur, veg	Hovudplan for veg 2022-2029
	Straumforsyning	Sygnir, Aurland Energiverk
	Skule/barnehage	
	Barn og unge sine oppvekstvilkår	Barnetråkk
	Samsvar med arealstrategi og målsettingar	Kommuneplan for Aurland kommune 2022-2033 samfunnsdelen

Tabell 6: Matrise for fastsetting av konsekvens

Omfang/verdi	Låg verdi	Middels verdi	Høg verdi
Lite omfang	Liten negativ konsekvens	Liten negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens
Middels omfang	Liten negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens
Stort omfang	Liten negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens

Konsekvens vert fastsett av verdi og omfang. Om eit innspel medfører stor negativ konsekvens vil det krevjast endringar i den føreslegne arealbruken, eller innspellet vert teke ut. Ved middels negativ konsekvens må ein vurdere endringar eller å ta ut feltet. Liten negativ konsekvens krev ikkje endringar. Metoden som vert nytta vert bygd på Statens Vegvesen si handbok, V712, M-1941 Konsekvensutredningar for klima og miljø og Klima- og miljøverndepartementet sin rettleiar Konsekvensutredningar: Kommuneplanens arealdel.

Konsekvensutgreiinga skal gjerast i fire steg:

1. Fastsette verdi for kvart tema: låg – middels – høg
2. Skildre omfang av verknader: lite – middels – stort
3. Fastsetting av konsekvens for kvart utgreiingstema ut frå matrisa
4. Konkludere basert på ei samla vurdering av alle utgreiingstema

Konsekvensutgreiinga for arealplanen skal også:

- Gjere ei samla vurdering av kvart utgreiingstema, for å synleggjere den samla belastninga i heile kommunen
- Gjere ei samla vurdering av kvart arealføremål, for å vise arealføremål som samla fører med seg vesentlege negative konsekvensar

Risiko – og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Ein ROS-analyse for arealplanlegging syner korleis uønskte hendingar kan påverke liv og helse, samfunnsstabilitet og materielle verdiar. Den er eit verktøy som skal bidra til å identifisere kva arealbruk som er eigna i ulike område. Områder med mogleg fare skal synleggjerast i plankartet med omsynssoner og tilhøyrande føresegner. Analysen skal vere overordna, og skal ved behov følgjast opp av reguleringsplanar når det er krav om eit meir detaljert kunnskapsgrunnlag. Dette betyr at ROS-analysen for arealdelen skal syne potensiell fare, medan ROS-analyser for reguleringsplanar skal syne reell fare. I arealdelen skal resultatata frå ROS-analysen sjåast i samanheng med andre utgreiingstema og konsekvensutgreiingar.

ROS-analysen til arealdelen vert basert på den overordna ROS-analysen for Aurland kommune (2014).

Av hendingar som er identifiserte og analyserte med omsyn til risiko og sårbarheit i den overordna ROS-analysen til Aurland kommune, vert følgjande hendingar vurdert til å vere relevante for kommuneplannivå:

- Skred, inkludert kvikkleire og flodbølge
- Ekstremvêr
- Flaum
- Erosjon
- Akutt ureining
- Terrorhandlingar
- Langvarig bortfall av kraftforsyning
- Langvarig bortfall av drikkevassforsyning
- Langvarig bortfall av elektronisk kommunikasjon EKOM
- Store ulykker
- Store brannar

- Samtidige hendingar
- Trafikkauke i avkøyrslar og kryss
- Radon, radioaktivitet og giftige gassar
- Dambrot
- Særleg sårbare objekt/funksjonar

Klimatilpassing vil også vere ein sentral del av arealplanlegginga til kommunen. Klimaprofilen for Sogn og Fjordane peikar på at klimaendringane vil føre til behov for tilpassing med tanke på kraftig nedbør og auka problem med overvatn, havnivåstiging og stormflo, endringar i flaumtilhøve og flaumstorleikar, og skred.